

FOR - vedtak:

1. Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke med Formannskapet sine endringar i investeringsbudsjettet.
2. Eigedomsskatt 2020:
 - a. For eigedomsskatteåret 2020 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på Kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».
 - b. Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd
 - c. Eigedomsskatten for 2020 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25
 - d. Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsama klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.
 - e. Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering I 2019. Dette omfattar I praksis kun kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar.

1. Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2020. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

1. Låneopptak til finansieringa av investeringar 2020 vert fastsett til kr 25 500 000 for 2020. Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket.

1. Betalingssatsar for 2020 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – Betaling for kommunale tenester 2020